



Arkivnr: 2016/2578-3
Saksbehandlar: Laila Christin Kleppe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020

Samandrag

Forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme har i fleire år vore på dagsorden i Norge, Norden og elles i Europa. Regjeringa la fram sin *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme* i 2014, og PST viser i juni 2017 til at arbeidet har vore fruktbart, med betring på enkelte område. For å hindre at denne positive trenden snur, er det avgjerande at det forebyggjande arbeidet framleis vert prioritert høgt. Bergen kommune vedtok i 2015 sin eigen handlingsplan, med utgangspunkt i regjeringa sin plan. I denne planen vart Hordaland fylkeskommune ein viktig samarbeidspart, særleg fordi målgruppa for det forebyggjande arbeidet i stor grad er ungdom i den aldersgruppa som Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar for.

I lys av dette legg fylkesrådmannen fram forslag til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* for Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.08.2017

Forebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme har i fleire år vore på dagsorden i Norge, Norden og elles i Europa. Regjeringa la fram sin *Handlingsplan mot radikalisering og voldelig ekstremisme* i 2014, og PST viser i juni 2017 til at arbeidet har vore fruktbart, med betring på enkelte område. For å hindre at denne positive trenden snur, er det avgjerande at det forebyggande arbeidet framleis prioriterast høgt. Bergen kommune vedtok i 2015 sin eigen handlingsplan, med utgangspunkt i regjeringa sin plan. I denne planen vart Hordaland fylkeskommune ein viktig samarbeidspart, særleg fordi målgruppa for det forebyggande arbeidet i stor grad er ungdom i den aldersgruppa som Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar for.

Regjeringa sin handlingsplan *Forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme* (2014) markerte starten på det nasjonale og regionale arbeidet med å samarbeide om og koordinere det forebyggande arbeidet. På dette feltet er nordisk og internasjonal kunnskapsdeling avgjerande, og på same vis må innsatsen koordinerast på tvers av ansvarsområde, tverretatleg og tverrfagleg.

Innhald

Innhaldet i handlingsplanen er strukturert etter modell av regjeringa sin plan:

- Kunnskap og kompetanse
- Samarbeid og koordinering
- Forebygging av tilvekst
- Forebygging internett

Tiltaka i planen er i stor grad knytt til kunnskap og kompetanse, der kursing av lærarar og andre tilsette i skulen, i oppfølgings- og pp-tenesta og på opplæringskontor er sentralt. Tilsette i fengselsundervisninga er ei eiga målgruppe, med tanke på at fengsla er ein særleg utsett arena for radikalisering.

Lokalt samarbeid

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har etablert eit godt samarbeid. Politi, SLT ('Samordne Lokale rus- og kriminalitetsforebyggende Tiltak'), RVTS Vest og Rafto Undervisning deltar i samarbeid om forebygging. Trussamfunn og frivillige organisasjonar er også sentrale i arbeidet med styrking av tilhørslse og forebygging av utanforskap for miljø som er særleg utsette. Kursing av imamar og sommaraktivitetar for ungdom med demokratiopplæring og undervisning om tema radikalisering (Møhlenpris idrettslag) er døme på dette.

Andre kommunar i fylket samarbeider med politi og RVTS Vest slik det er høveleg for å forebyggje lokalt.

Prosess:

Regjeringa gav i sin handlingplan mandat til politiet om å samarbeide under utarbeiding av lokale og regionale handlingplanar. Politi Vest sin radikaliseringskontakt, Pål Tore Haga, har deltatt i utarbeiding av handlingsplanen til Hordaland fylkeskommune. Representantar for skuleleiing, elevteneste, elevorganisasjonar, opplæringskontor samt Ungdommens fylkesutval har gitt innspel til planen:

- Rektor Leif Sigurd Danielsen
- Elevinspektør Sissel Riise
- Byggmestrenes Servicekontor ved Jarl Erik Fosse
- Ungdommens fylkesutval ved Andreas Skretting Jansen
- Elevorganisasjonen ved Agathe Waage

Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme 2017-2020 vart presentert i info- og drøftingsmøte 14. juni 2017.